

# Mangfaldsstrategi 2023–2028

Vedteke 27.9.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og  
hjarte til heile landet**

Hovudmål frå strategien

*Mangfaldsplakaten er eit dagleg arbeidsverktøy*

Suksesskriterium frå strategien

*Handling: All planlegging og alle prosjekt byrjar med gjennomgang  
av mangfaldsplakaten*

Verdiar:

**Samlande**  
**Kreativ**  
**Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen  
og medvitet om nynorsk  
skriftkultur**

## A Status

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, fastsette i 2019 ein mangfaldsplakat. Denne vart i 2022 supplert med eit tydelegare punkt om universell utforming.

### Mangfaldsplakat for Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Nynorsk er ideen om at eit mangfold i tale kan samle i skrift. Mangfaldet i samfunnet må også vere synleg i arbeidet til kulturinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum arbeider med å sikre relevans for og representasjon frå ulike grupper menneske. Omgrepet mangfold rommar dimensjonar som geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion og verdisynt, legning og alder.	
<b>Skaparmangfold</b> 1 Mangfold skal alltid vere tema når me skal engasjere skaparar og utøvarar 2 Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sjanger <b>Brukarmangfold</b> 3 Undersøk om det er noko me kan gjøre som senker terskelen for å delta 4 Følg retningslinjer og råd om universell utforming 5 Oppsøk og bli kjend med nye miljø og målgrupper for å få relevante innspel 6 Gjennomfør alltid test av tilbod, program og idear på relevante målgrupper	<b>Innhaldsmangfold</b> 7 Språk og bilete skal vise at me inkluderer og er mangfaldige 8 Referansar og døme skal vise at me kjenner mangfaldet som finst, både i no- og fortid 9 Jamfør gjerne med andre delar av verda <b>Organisasjonsmangfold</b> 10 Informer aktuelle miljø som kan auke mangfaldet i organisasjonen om ledige stillingar 11 Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og vitskaplege tiltak <b>Mindretalsmedvit</b> 12 Hugs at me er med på å definere kva ein nynorskbrukar er, og at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar

## B Gjennomgang av prioriterte mål

### Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekkja av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Mangfaldsplakaten er eit dagleg arbeidsverktøy	All planlegging og alle prosjekt byrjar med mangfaldsplakaten
Presisering og konkretisering	Mangfaldsplakaten skal vere i bruk når me gjer strategiske val, anten det gjeld skaparar, brukarar, mangfold eller organisasjonen.	Mangfold skal liggje som føresetnad tidleg i prosjektet/ planfasen, og vere integrert del av prosessen, ikkje eit separat tiltak.
Prioritert tiltak	Plakaten skal henge på alle kontor og møterom, og nyttilsette blir opplært i denne.	Mangfaldsplakaten skal verte inkludert i relevante rutinar.

### Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	Museumsmeldinga	Tilskotsbrev	Likestillings- og diskrimineringslova
Krav	Relevans og representativitet er prioritert i formidlinga.	Skal rapportere på arbeidet med mangfold	Krav til universell utforming av nettstader
Signal			
Peikar til relevante dokument	<a href="#">Meld. St. 23 (2020–2021)</a> <a href="#">Musea i samfunnet</a>	Årlig tilskotsbrev (ligg på nettsida)	<a href="#">Diddir: Råd om universell utforming</a>
Prioritert tiltak	Rutinar for formidling.	Denne strategien.	Rutinar for universell utforming

### Berekraftig drift av organisasjonen

Denne vurderinga vert gjort for å følge opp det strategiske målet om å vurdere konsekvensar for klima/miljø, universell utforming, personell og økonomi i alle saker.

Berekraftig drift av organisasjonen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Ufوردning	Ikkje relevant.	Betre tilgang for lese-, syns- og høyselsvanskar	Integrere tankegangen i alle prosessar.	Ikkje relevant.
Prioritert tiltak		Rutinar for nettstad. App ved arenaene.	Rutinar. Opplæring av nyttilsette.	

## C Tiltaksliste basert på måla

### Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Opplæring	Mangfaldsplakat-gjennomgang for alle nytilsette	Direktør

### Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Opplæring	Mangfaldsplakaten skal hengjast opp på alle kontor og møterom.	Kommunikasjon og digital formidling
2	Rutine	Mangfaldsplakaten skal vere grunnlaget for foto for marknadsføring og retningslinjer og rutinar for kommunikasjon, nettstad	Kommunikasjon og digital formidling
3	Rutine	Mangfaldsplakaten skal verte integrert i rutinar for tilsetjing og HMS	Administrasjonssjef
4	Rutine	Mangfaldsplakaten skal verte integrert i rutinar for formidling	Formidling
5	Rutine	Mangfaldsplakaten skal vere del av grunnlaget for samlingsstrategien	Samling og forsking
6	Universell utforming	Oppdatert informasjon om universell utforming og tilgjengeleggjering på nettstad	Kommunikasjon og digital formidling
7	Universell utforming	Rutinar for universell utforming ved handtering av biletar, video og lyd	Samling og forsking
8	Universell utforming	App for informasjon i lyd, engelsk, teiknspråk og anna ved arenaene	Formidling